




Hardangerrådet



Samarbeid gjennom 25 år

1989-2014

www.hardangerraadet.no



Hardangerrådet 25 år

Hardangerrådet har sidan etableringa i 1989 hatt sine opp- og nedturar, sine nederlag og sine triumfar. Aktivitetsnivået har vore sterkt aukande, serskilt i løpet av dei siste ti-tolv åra. Det har vore mykje godt samarbeid og harmoni, men det har og vore konflikhtar. Om lag halvveges i rådet si soge heldt det på å bukka under. Det skjedde for om lag femten år sidan, då Voss først gjekk inn som ein av eigarane av skipinga, før kommunen kort tid seinare melde seg ut att. Også Kvam varsla utmelding, men heldt fram. Denne krisa danna i ettertid eit fundament for ny vekst for Hardangerrådet. Organisasjonen vart mindre, men meir konsentrert. Det har og vore skiftande leiarskap av eininga. Nokre leiarar av Hardangerrådet fungerte i berre kort tid, fann seg nye arbeidsoppgåver, medan andre sat lenger.

Sjølv om eigarskap, organisasjonsform, styre, leiarskap og tilsette har endra seg mykje gjennom ein såpass kort periode som 25 år, så er det utan tvil eit aktivt

Hardangerråd som hausten 2014 kan markera sitt jubileum.

I den same perioden har det skjedd ei rivande utvikling av regionen. Det har vore store investeringar i betre samferdsel. Nye vegar, tunnelar og bruer har knytt regionen tettare saman. Nye verksemdar har vorte skipa. Mange nye tilflyttarar har kome frå både inn-og utland. Men i sum har folketallet gått tilbake: Den samla busetnaden har vist ein negativ trend fram til 2009 då nedgangen stansa, og sidan har det vore ein svak vekst. Då Hardangerrådet vart skipa budde det 25.702 personer i regionen, mot 22.859 personar i 2010 og 23.009 i dag.

I denne perioden har det vore store nasjonale saker som har skapt konflikt. Til dømes har strid knytt til bygging av Hardangerbru og utbygginga av energinettet, splitta både familiar og politiske parti. I alt dette har Hardangerrådet hatt sitt virke. Ikkje som ei eining med klare politiske standpunkt, men som eit organ

som har søkt å skapa ein felles plattform for å arbeida for regionens beste.

Hardangerrådet anno 2014 er eit aktivt organ som arbeider som dørøpnar og rettleiar for folk flest i Hardanger.

I dag er Hardangerrådet eit vel fungerande interkommunalt samarbeidsselskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Odda, Kvam, Ullensvang og Ulvik. Formålet er å styrke regionen gjennom forpliktande samarbeid. Hovudkontoret ligg i Kinsarvik.

Dette jubileumsskriftet ønskjer å spegla utviklinga til Hardangerrådet dei siste 25 åra. Vi vonar at lesarane finn noko interessant om regionen og serskilt Hardangerrådet si historie.

Beste helsing
Jørn Lekve
REDAKTØR



*Dagens leiing av Hardangerrådet:
Rådsordførar John Opdal, dagleg leiar Leiv
Vambheim og styreleiar Toralf Mikkelsen*



Jakt etter ein ny møteplass

Då Hardangerrådet vart skipa i 1989 var det slutten på ein lang prosess, som eigentleg hadde starta midt på 1970-talet.

Ein viktig årsak var at ordførarane ikkje lenger vart valt inn automatisk på fylkestinget, etter at ordninga med direkte val til Fylkestinget vart innført i 1975. Før den tid var Fylkestinget ein viktig møteplass for ordførarane. Der kunne dei gå saman om å fremje saker til beste for regionen. Den nye valordninga førte til at dei fleste ordførarane frå Hardanger ikkje lenger kom inn Fylkestinget. Dette likte mange svært dårleg. Dei hadde mista eit viktig nettverk, og ein til tider svært hyggjeleg sosial møteplass.

12 år med uformelle møter

I 1977 inviterte dåverande ordfører i Jondal, Leif Galtung, både Hardanger-ordførarane og ordførarane frå nærliggjande regioner. På møtet stilte representantar frå Jondal, Fusa, Samnanger, Kvinnherad, Kvam, Granvin og Ullensvang. Ulvik og Odda var og innbedne, men hadde ikkje høve til å møta. Til Bergens Tidende sa Leif Galtung at det er viktig å la kommunar med nærskyldte problem å få koma saman og drøfta ting uformelt.

Galtung sa til avisa at det er ein fordel å stå saman når store og vanskelege saker skal løysast. Han sa og at eit interkommunalt forum er godt eigna til å drøfte emne uformelt.

Dette initiativet vart dermed starten for ein uformell møteplass for Hardanger-kommunane. Då Leif Galtung gjekk av som ordfører i Jondal i 1979, vart hans etterfylgjare ektefellen Bjørg Hope Galtung. Ho minnes at ordførarane i Hardangerkommunane hadde uformelle møter heilt fram til Hardanger-rådet vart formelt stifta i 1989. Ordførarane i Hardanger hadde då bytt på å invitera til desse uformelle møta i tolv år.

– Det var viktig for oss å kome saman. Vi vart slett ikkje alltid samde, men spira til eit meir formalisert samarbeid vart sådd, seier Bjørg Hope Galtung.

Ga ifrå seg makt

Kvifor vil kommunar samarbeide forpliktande? I realiteten inneber eit forpliktande samarbeidsorgan at kommunane må gi ifrå seg makt og kontroll.

Då Hardangerrådet vart etablert, var stoda i regionen utfordrande. Folketalet fall, dei unge flytta vekk, arbeidsløysa var stor, det var lite nyskaping innan næringslivet. Mange av kommunane i Hardanger var og for små til å kunne løyse dei pålagde oppgåvene på ein god nok måte. Dei kunne anten slå seg saman i ein ny og større kommune, eller dei kunne etablere eit samarbeid. Samstundes opplevde ordførarane i Hardanger at dei hadde mista ein god møteplass i Fylkestinget, der dei kunne stå saman om viktige saker for regionen. Det var såleis fleire tilhøve som bana vegen for det som skulle verta Hardangerrådet.

Store utfordringar, sams interesser

Hausten 1988 tok dåverande ordfører i Eidfjord, Leiv Anders Vambheim, i samarbeid med dåverande Fylkesmann i Hordaland Håkon Randal, initiativet til eit møte med ordførarar og rådmenn i Hardanger, for å drøfte om det var aktuelt å få i stand eit meir formelt råd for Hardanger.

Då hadde alt kommunane i Sunnhordaland og Nordhordland etablert regionssamarbeid, med positive resultat. Vidare visste ein om at også kommunane rundt Bergen gjekk med planer om ei regionssamling. Tida var inne for at også hardingane samla seg.

Eidfjord-ordføraren argumenterte med at Hardanger hadde så mykje til felles både i næring og kultur at det ville vere heilt naturleg å etablere ei ny regioneneining. Han fekk støtte frå dei andre. Det vart

sett ned ei arbeidsgruppe som bestod av Ulvik-ordføraren Lars Sponheim, Jondal-ordføraren Bjørg Hope Galtung og Eidfjord-ordføraren Leiv A. Vambheim. Desse representerte og kvar sine til tiltakskontor, nemleg Voss og omland, Ytre Hardanger og Indre Hardanger.

– Eg kan ikkje hugse at vi tre var usamde om så mykje. Vi vart raskt einige om organisering og vedtekter og laga innstillinga, minnes Galtung.

Tiltakssjef Jørgen Eriksen frå Odda vart vald til sekretær for det nye Hardangerrådet som var i emning. Våren 1989 heldt arbeidet fram med å samle regionen. Samstundes arbeidde ordførarane tett saman. Dei kom til dømes med felles fråsegn til samferdslestyret i Hordaland der dei gjekk imot nedlegging av hurtigbåtsambandet i Hardangerfjorden, som var planlagt. Etter at vedtekter for det nye rådet vart laga, vart dei sende til formell godkjenning i dei sju heradsstyrene. Saka gjekk greitt igjennom i alle kommunane. Dermed låg alt til rette for at Hardangerrådet skulle sjå dagens lys.

Dei sju stiftarane

Hardangerrådet vart formelt skipa 20. oktober 1989. Då var ordførarar og rådmenn frå dei sju kommunane samla på Ullensvang Hotel i Lofthus. Ordførarane Sigvard Berge frå Kvam, Magnar Lussand frå Granvin, Lars Sponheim frå Ulvik, Leiv Vambheim frå Eidfjord, Torolv Hesthamar frå Ullensvang, Knut Erdal frå Odda og Bjørg Hope Galtung frå Jondal signerte stiftingsdokumentet, saman med rådmennene i dei same kommunane. Både Vambheim, Lussand og Galtung minnest at rådmennene ikkje hadde vore veldig entusiastiske for tiltaket.

– Nokre meinte nok at dei mista makt. Men samtalan vi hadde hatt på



Med tru på Hardanger: Frå venstre Magnar Lussand, John Opdal, Bjørg Hope galtung, Toralv Mikkelsen og Leiv Vambheim.

ordførarnivå synte at tida var moden for å formalisera samarbeidet. Granvin og Ulvik hadde gjennom 80-talet eit godt tiltakssamarbeid med Voss, Vaksdal og Modalen, men vi høyrde naturleg til i Hardanger, så vi var klart for Hardangerrådet, minnes dåverande ordførar i Granvin, Magnar Lussand.

Forpliktande samarbeid, på høgt nivå

Hovudoppgåva til det nye Hardangerrådet var å styrka regionen gjennom større grad av forpliktande samarbeid.

Medlemmene i rådet vart ordførarane og rådmennene i dei sju kommunane. Det var altså dei viktigaste personane i Hardangerkommunane som skulle styra utviklinga i rådet. Ullensvang tok på seg å føre rekneskap for rådet, som fekk kontor i Kinsarvik.

Dersom ein set ein passar på Kinsarvik og dreg den rundt, så ser ein at staden ligg midt i vidstrekke Hardanger.

I vedtektene til Hardangerrådet vart det peika på fire viktige område ein skulle arbeida for. Det var å klarleggje og nytta ut naturlege og menneskelege ressursar og føremoner i regionen, for å vidareutvikla området innan samferdsle og næring, sosialt og kulturelt. Deretter var det å byggja ut og koordinera eksisterande samarbeidsformer, betra marknadsføringa av Hardanger og skapa ein sams identitet i regionen. Til slutt var det å gje fellessuttalar på vegne av kommunane andsynes sentral-og fylkesmakter i saker der dette var naturleg og arbeida for ei praktisk oppfølging av fylkes-og fylkesdelsplanar.

Som ein konsekvens av dette skulle ein snu ein negative folketalsutvikling gjennom

prosjekt og tiltak for næringsutvikling. I 1989 var det 25.702 personar busett i Hardanger, altså færre folk enn i ein bydel i Bergen.

Kosta 10 kroner per harding

Budsjettet for det første driftsåret syner utgifter på 1,5 millionar kroner. Dette vart i hovudsak finansiert med midlar frå dei sju kommunane samt frå Hordaland Fylkeskommune. Den direkte kostnaden på 261.000 kroner for kommunane vart rekna ut frå folketalet. Dermed måtte dei to største kommunane, Odda og Kvam, ut med om lag 90.000 kroner årleg, medan småkommunar som Eidfjord, Jondal, Ulvik og Granvin slapp unna med beløp frå 10.000 til 12.000 kroner årleg. Dersom ein reknar på dette, så kosta etableringa av Hardangerrådet 10 kroner og 16 øre for kvar enkelt harding.



Ærleg handlingsplan

I handlingsplanen som det nye Hardangerrådet vedtok for perioden 1990-1995 er det ei sjølvkritisk og ærleg beskriving av stoda for regionen:

Det hadde vore stor nedgang i folketalet. Det var ei stor utflytting av yngre aldersgrupper. Det var mangel på arbeidsplassar for dei som vart buande. Det var liten eller ingen ny vekst i næringslivet. Både jordbruket og reiselivsnæringa var satt under press. Store investeringar i andre regionar med tettare band til olje- og gasssektoren kunne leggje regionen i ein investeringsskygge. Nye vegløyser kunne og sette regionen enda meir utanfor. Difor måtte det takast grep:

Ein tok utgangspunkt i det som tross alt var svært bra i regionen:


Hardanger har rik tilgang på elektrisk kraft og grunnlag for å byggja ut meir. Regionen har teknologisk avanserte miljø innan mellom anna prosessindustri, bær- og fruktdyrking. Reiselivet har lange og gode tradisjonar og gir arbeid til mange. Ein peika og på at ein Folgefonntunnel og ei framtidig Hardangerbru og Jondals-tunnel, ville kunne bidra til større trafikks-traum og ein vidare arbeidsmarknad i framtida. Hovudmålet i handlingsplanen vart formulert slik:

«Hovudmål for utviklinga i Hardanger må vera å skapa så mange og varierte arbeidsplassar at ein stabiliserer folketalet i perioden 1990-1995, og legg til grunn for ein folketalsauke på 0,5% pr. år i den neste femårsperioden».

Det er interessant at ordet stabiliserer er ført inn i vedtaket med kulepenn. Dersom ein reknar på dette, så var målet altså at ein skulle skapa om lag 500 nye arbeidsplassar i regionen i femårsperioden.

Det målet nådde ein aldri.

Folketalet heldt fram å falla: I 1991 var det igjen ein nedgang på litt over hundre personar, til 25.599 innbyggjarar.



Handlingsplanen var deretter brote ned på mange detaljerte delmål, innan mange sektorar. Til dømes næringsmessig utbygging innan landbruk og skogbruk, reiseliv, industri og sekundærnæringar, varehandel og service, undervising og kultur og samferdsel. Det første drifts-året 1990 vart det lagt opp til fire møter i Hardangerrådet.

Aktive ordførarar

‘Hardangerrådet ga i sitt første driftsår tolv uttalar. Mange av desse var knytt opp mot samferdsletiltak og tiltak og innspel til fylkets strategiske næringsplan. Interessant er det og at Hardangerordførarane samla seg om eit brev til Bergens Tidendes sjef-redaktør, der ein oppmoda om at avisa ikkje måtte leggje ned Odda-kontoret. Ei meir viktig sak var om ein skulle bemanna opp ein administrasjon frå rådet, med sekretær-funksjonar og ein dagleg leiar.

Fem daglege leiarar frå 1991

Den første daglege leiar for Hardangerrådet var Hans G. Havik, som vart tilsett 1. januar 1991. Med seg hadde han sekretæren Sølvi Lervik Lambrechts, som kom frå tiltakskontoret i Odda.

– Eg hadde ei fin tid i rådet. Vi arbeidde med mange store saker for Hardanger, minnes Lervik Lambrechts, som hadde stillinga som sekretær heilt fram til 2010, då Trude Rinaldo vart tilsett som konsulent.

Tidleg på 1990-talet gjekk det dårleg med norsk økonomi. Difor var det naudsynt at Hardangerrådet kunne motarbeide den negative trenden, som i regionen var prega av arbeidsløyse og fråflytting. Tilhøva i samfunnet var altså ikkje dei beste for å lukkast i å nå dei ambisiøse målsettingane. Ut frå presseklipp og dokumenter frå tidleg 1990-tal synest det som at Hardangerrådet var aktivt og synleg til stade då ordførarane og rådmennene etablerte rådet i 1989 og 1990.

Åra deretter var det nok mykje intern fokus i rådet. Dagleg leiar Havik slutta hausten 1992. I hans stad vart Jørgen Eriksen engasjert som innleidd prosjektleiar med to arbeidsdagar pr. veke. Våren 1993 vart han engasjert i heil stilling. Denne stillinga hadde han fram til Sverre Hagen vart tilsett som dagleg leiar januar 1995. Han var øvste administrative leiar for Hardangerrådet i fem år, fram til september 2000. Då hadde Voss kommune slutta seg til. Arbeidsoppgåvene vart omfattande. Hagen sa ja til ei stilling som rådmann i ein kommune i Nordland. Då han sa opp stillinga si kom det ein mellombels løysing ved at Arne Viste vart konstituert som dagleg leiar. Denne stillinga hadde han i akkurat eit år, fram til dagens leiar av Hardangerrådet, Leiv Vambheim, vart tilsett 1. september 2001.



Lang fartstid: Sølvi Lervik Lambrechts, som kom frå tiltakskontoret i Odda, arbeide som sekretær i Hardangerrådet sidan etableringa. Ho gjekk av i 2010 då Trude Rinaldo vart tilsett som konsulent. Rinaldo har arbeidd mykje med Hardanger Ungdomsråd, som vart etablert same året som ho byrja. I tillegg har ho arbeidd mykje med tema som mat, reiseliv og kultur. Ho og forgjengaren Sølvi har og arbeidd mykje som sekretær for Fjordvegen/ Diktarvegen-prosjektet.

Dermed var sirkelen slutta. Det var Leiv Vambheim som tolv år tidlegare, då som Eidfjord-ordførar, hadde teke det formelle initiativet til å etablere Hardangerrådet i 1989. No skulle han sjølv arbeide fulltid som dørøpnar og rettleiar for Hardanger.

13 rådsleiarar

Medan det i Hardangerrådets historie har hatt fem daglege leiarar over ein periode på 25 år, så har den øvste styrefunksjonen hatt mange og hyppige skifte. Rådsleiarane har alle vore ordførarar. Eidfjord troner på toppen med flest rådsleiarar, tre i talet. Ulvik og Jondal har berre hatt posisjonen ein gong. Dei første åra var det ikkje noko system for rulling. Først etter at Samson Instanes vart vald som rådsleiar vart eit slik system etablert.

Den første rådsleiaren var Leiv Vambheim frå Eidfjord. Deretter følgde Sigvard Berge

frå Kvam, Lars Haustveit frå Ullensvang, Samson Instanes frå Eidfjord, Olav Seim frå Granvin, Torolv Mikkelsen frå Odda, John Skogseth frå Jondal, Jon Heggseth frå Ulvik, Astrid Farestveit Selsvold frå Kvam, Solfrid Borge frå Ullensvang, Anved Johan Tveit frå Eidfjord, Ingebjørg Winjum frå Granvin, før John Opdal frå Odda overtok som rådsordførar frå 2014. Han vart vald fram til 2015.

Balansekunst

– Eg trur at mange rådsleiarar har opplevd det som ein krevjande balansekunst å skulle fronta Hardangerrådet, sidan dei sju kommunane ikkje alltid var heilt einige i alle saker. Difor var det viktig å heile tida snakke for heile Hardanger og ikkje berre si eiga kommune. Det har ikkje alltid vore like enkelt, seier Opdal.

Han får full støtte i dette av både Galtung, Lussand og Mikkelsen. Alle kan dei minnest

saker opp igjennom åra der ordførarane tok dette opp på kammerset. Utan media til stades.

– Det var ein intern justis, som kunne være tydeleg. Vi likte å rydde opp i uklarheiter mellom kommunane på eiga hand, slik at vi utad framstod som samla, seier Lussand.

Det må ha vore vanskeleg å setja sitt personlege preg på utviklinga av Hardangerrådet, sidan opprømsinga av flinke folk i rådstolen berre hadde to år i funksjon. Det var også ganske hyppig leiarskifte av dagleg leiar for Hardangerrådet dei første tolv åra. Sidan 2001 har det derimot vore kontinuitet. Ein ser og at aktivitetsnivået sidan då har tatt seg monaleg opp. Men i byrjinga av Hardangerrådets historie var det kritiske røyster:

«Dei store betaler, dei små avgjer»

– Det er rett at vi no og då fekk kritiske merknader frå folk flest. Nokre hevda at det var dei store som betalte, men at det var dei små som tok avgjerder, sidan vi alltid har hatt prinsippet om at ein kommune er ein stemme. Men eg meiner at dette ikkje vart rett. Stort sett så har vedtaka i Hardangerrådet favna vidt og kome alle kommunane til gode, seier Magnar Lussand.

Dette stør både Galtung, Mikkelsen og Opdal. Dei peikar på at til dømes store investeringar innan reiseliv og kultur har gjeve dei største kommunane i rådet mange vinster.

Fekk ein gjort noko?

Ved gjennomgang av historiske kjelder som styrepapir og rekneskap er det tydeleg at dei første driftsåra var utfordrande for Hardangerrådet. Rekneskapen gjekk i minus. Fleire innleidde prosjektmedarbeidarar slutta etter kvart. Styret skriv rett ut i si omtale av 1992 at:

«Rådet har mykje ugjort. Ikkje minst gjelder dette tiltak for å skape samarbeid og identitetskjennele i regionen. Rådet sin posisjon som talerøyr for regionen bør og styrkast», heiter det frå styret.

Rådet hadde seks møter i 1992. Arrangementet som ein lukkast mest med var ein samferdslekonferanse med minister Kjell Opseth til stades. Dei første åra var det likevel fleire røyster som meinte at Hardangerrådet ikkje fungerte etter planen.



Effektivt samarbeid

Effektivt samarbeidsorgan eller eit supperåd?

Berre to år etter skipinga av Hardangerrådet vart det produsert ein semesteroppgåve i mellomfag av ein av studentane på Institutt for administrasjon og organisasjonsvitenskap ved Universitetet i Bergen. Magnus Mjør foretok ei vurdering av bakgrunnen for og iverksettinga av samarbeidsrådet for dei sju Hardangerkommunane. Hans konklusjon var ikkje eintydig. Han studerte første driftsåret 1990 og kommenterte at alle saker vart handsama samrøystes, noko som tyder på effektivitet. Forklaringa på den store graden av semje kan skuldast at ein i startfasen ville unngå kontroversielle saker, for først å få etablert ei solid plattform, basert på semje. Er så Hardangerrådet eit effektivt organ eller eit supperåd, spurde statsvitaren. Han svarte slik:

«Det kan truleg plasserast ein stad imellom dei to ytterpunkta i spissformuleringa.»

I dag er han meir tydeleg:

– Hardangerrådet har heilt sidan etableringa synt at det har spelt ei viktig rolle for regionens utvikling, spesielt innan samferdsle og næring. Etter mi meining fremstår Hardangerrådet i dag som eit viktig organ som absolutt har si eksistensrett. Det har vist seg å vera ein aktør som blir høyrd og teke på alvor, seier Magnus Mjør. Han er frå Hardanger, tidlegare rådmann i Ullensvang og i dag rådmann på Stord, og følgjer godt med utviklinga i Hardanger.

I 1995 fekk Hardangerrådet ny logo der grunnmotivet var eit skip på blå botn. Tittelen var «Samhald gjer styrke». Logoen skulle ofte nyttast saman med dei sju kommunevåpna. Nedgangen i folketalet klarte ein ikkje å stoppe, til tross for mange tiltak. I 1997 var folketalet kome ned på 24.647.



*Bak frå vesntre: Jon Larsgard, Jondal; Ashjørn Tolo, Kvam; John Opdal, Odda
Framme frå venstre: Hans Petter Thorbjørnsen, Ulvik; Ingebjørg Winjum, Granvin;
Solfrid Borge, Ullensvang; Anved Johan Tveit, Eidfjord.*

Vart til Hardanger og Voss regionråd

Våren 1998 kom det signal om at Voss kommune ønska å delta i eit interkommunalt samarbeid med kommunane i Hardanger. Det vart ein politisk prosess i løpet av dette året som opna opp for ei utviding av Hardangerrådet. Men dersom Voss skulle inn, måtte ein endra på organisasjonsforma. 1. juni 1998 vart Hardangerrådet nedlagt, sidan Voss kommune ville vere med på samarbeidsprosjektet. Også Tiltakskontoret for Ytre og Indre Hardanger og Tiltakskontoret for Granvin, Modalen, Ulvik, Vaksdal og Voss vart lagt ned. Desse tre organa vart så gjort om til Hardanger og Voss Regionråd. Dei sju Hardangerkommunane som hadde vore medlem i Hardangerrådet, gjekk to veker seinare inn i det nyskipa regionrådet. De åtte kommunane forplikta seg til å arbeide for felles beste. Den nye eininga Hardanger og Voss regionråd vart skipa på møte i Eidfjord Gjestehus 15. juni 1998. Dette rådet vart med eitt eit stort organ, med sju tilsette.

Årsaka til den bratte veksten i tilsette var at regionrådet for ein stor del overtok det praktiske, næringsretta arbeidet som fram til skipinga av rådet hadde vore gjort av det tidlegare tiltakskontoret for Ytre og Indre Hardanger og Voss og omland Tiltakskontor. Sverre Hagen vart tilsett som ny dagleg leiar. Han fekk med seg ein rekkje medarbeidarar, sidan den nye organisasjonen i tillegg til Hagen var Sølvi Lervik Lambrechts og Randi Mundal som sekretærer, Sven-Helge Pedersen som prosjektkoordinator, samt Jon Daae Hansen i Norheimsund, Håvard Børve i Odda og Oddvar Nestås på Voss. Den nye eininga hadde altså spreidd seg med eit hovudkontor i Kinsarvik og avdelingskontor tre andre stader. Dei som arbeidde på kontora i Voss, Norheimsund og Odda skulle og ha arbeidsdagar i Eidfjord, Ullensvang, Ulvik, Granvin og Jondal. Altså dei kommunane som ikkje vart tilgodesett med ein administrativ stilling i rådet. Hardanger og Voss regionråd fekk også ny logo, ei utbrodert gullblom på grøn botn.



Lokalisert i Kinsarvik: Parti av Kinsarvik, der Hardangerrådet har sitt kontor, i andre høgda over butikken til høyre i bilets ytterkant.



Problematisk tid

Regionrådet rakna i 1999

Det nye regionrådet kosta dei åtte kommunane i 1999 til saman to millionar kroner, der om lag halvparten av kostnaden vart rekna ut frå folketal og inntekter. Den andre halvparten var ein fast tilskotssum frå kvar kommune på 100.000 kroner. Den største kommunen, Voss, måtte dermed ut med 483.000 kroner for å delta i det nye samarbeidsprosjektet, som no femna til saman 38.382 personar i Voss og Hardanger, der 24.647 budde i Hardanger. I vedtektene vart det slått fast at den einskilde kommune med eitt års varsling kunne seia opp sitt medlemskap i det interkommunale samarbeidstiltaket. Det gjekk ikkje lang tid før samarbeidet starta å knirke.

Forbanna vossingar i lokaliseringsstrid

Alt i 1999 hadde vossingane fått nok av det store samarbeidsprosjektet. Då budsjettet var opp til handsaming i heradsstyret på Voss kom det framlegg om å melda kommunen ut. Grunngevinga var økonomi. Ein ville



spare 480.000 kroner årleg. 1. desember 1999 fekk regionrådet Voss kommune si utmelding, med verknad frå 1. januar 2001. Dei grunn gav utmeldinga med at samarbeidet kosta for mykje og gjev for lite. Den eigentlege årsaka var nok meir

at Voss var kraftig forbanna på ein del vedtak som rett nok ikkje var den nye råds-eininga sitt ansvar, men dei sentrale styresmaktene. Vossingane hadde opplevd at dei var i konflikt med Odda. Det var ein klassisk lokaliseringsstrid. Eit utval skipa av Regjeringa hadde nemleg konkludert med at den nye distriktsdomstolen burde lokaliserast til Odda og ikkje til Voss. Kommunen reagerte skarpt med at dei ikkje ville dømmast i Odda. Då var det betre med Bergen som alternativ til Odda. Vossingane ville ikkje gje seg, dei ville kjempa for å behalda sitt gamle tingsete. Saka toppa seg då den skulle opp i Hardanger og Voss regionråd i to veker før jol 1999. Innstillinga var at Regionrådet ville stø framlegget frå Domstolsutvalet, som altså innebar at Indre Hordaland Distriktsrett vart lagt til Odda og ikkje til Voss. Seinare vart distriktsretten lagt til Lofthus i Ullensvang. Men det var andre saker som og ga grunnlag for strid. Det var i emning eit arbeid med å leggje Kartverket ut frå Oslo. Her arbeidde Odda aktivt for å få det. Seinare vart Kartverket lagt til Ullensvang.



Vilde Hamre

Fekk støtte og vart høyrd: – Eg opplevde at Hardangerrådet ga oss støtte og at vi vart høyrde på når vi møtte dei, seier Vilde Hamre frå Granvin. I nær tre år var ho leiार for Hardanger Ungdomsråd. Ho engasjerte seg og sterkt i saka mot dei sokalla «Monstermastene».

– Den saka enda heilt tragisk. Det er ikkje mastene eg då tenkjer på, men det skitne spelet som vart drive av politikarane. Etter mi meining vart vi lurt. Det er for ille. Men Hardangerrådet kan ikkje skuldast for noko i den saka. Dei gjorde det dei kunne.

I dag arbeider Vilde Hamre på Midtun skule i Bergen.



Heidi Marie Vestrheim

Budde i Berlin: Muskar og TV- og radiokjendis Heidi Marie Vestrheim frå Øystese søkte på Hardangerrådets leilegheit i Berlin januar 2014, og fekk ja.

– Det var berre heilt fantastisk. Leilegheita ligg i vakre Schönefeldt, vest i Berlin, og eg hadde ein god periode der eg skreiv tekstar til det nye albumet mitt som vert lansert våren 2015, seier Heidi Marie Vestrheim, i en stutt pause i det direkte sende radioprogrammet hennar på NRKs P13 under nemninga «Heidi Marie & Co». Det vert hennar fjerde soloalbum. Ho seier at ho er glad for at Hardangerrådet prioriterar nye søkjarar. Ho ønskjer likevel å søkje ein gong til. Men ikkje før engasjementet i NRK er over, etter sommaren 2015.

Hardangerrådet oppretta i 2010 ordninga med husvere i ein periode på opp til tre månader i Berlin, for kunstnarar frå Hardanger. Det kan søkjast kvar haust for påfølgjande kalenderår.

Problematisk tid etter utmeldinga, også Kvam var lei

Grunna eit års oppseiing vart perioden etter utmeldinga frå Voss ei problematisk tid for Hardanger og Voss regionråd, som eininga fortsatt heitte. Det var mykje mediestøy. Fokus internt i rådet vart endra frå dei daglege oppgåvene til korleis ein no skulle gå vidare med samarbeidsprosjektet der tross alt den største deltakaren hadde gått ut. Og verre skulle det verta: Som lyn frå klår himmel, kom meldinga frå Kvam herad at også dei ville melda seg ut. Også Kvam hadde økonomi som grunnlag for utmeldinga. Begge kommunane hadde fatta utmeldingsvedtaket i tilknytning til at dei vedtok budsjetta for 2000. Meldinga frå Kvam kom berre to dagar før året 1999 var omme.

Rett før eit nytt årtusen hadde dermed regionrådet fått seg to skikkelege skot for baugen. Det var mykje som tyda på at heile samarbeidsprosjektet var i ferd med å rakna.

Dåverande rådsordførar Toralv Mikkelsen frå Odda sa til media at han vart svært overraska over meldinga frå Kvam. Han vona at både Voss og Kvam ville endra haldning og utsetja utmeldingane, sidan Rådet skulle leggje fram ein evalueringsrapport våren 2000. Nokon hadde snakka saman: Måndag 10. januar i det nye årtuset pryda dei tre ordførarane i indre Hardanger førstesida på Hardanger Folkeblad under tittelen: «Vil berga regionrådet». Då gjekk Toralv Mik-

kelsen frå Odda, Einar Lutro frå Ullensvang og Anved Johan Tveit frå Eidfjord ut i media med ei sterk oppmoding til utbrytarane om å gjera om på utmeldingane. «Samla står ein sterkast», sa dei samstemde til avisa.

– Eg minnes den tida godt. Det var problematisk. Stoda betra seg noko då Kvam ganske raskt snudde og kalle tilbake utmeldinga. Men det var klart at me hadde fått ein knekk. Difor starta me eit oppryddingsarbeid, der me hadde to viktige oppgåver. Me måtte få orden på Hardangerrådet sin økonomi og organisering. Til den siste oppgåva var det særskilt viktig at rådet fekk ein dugande, ny administrativ leiar, seier Toralv Mikkelsen.

Kritisk til rådmenn og administrasjon

Toralv Mikkelsen leia ein evalueringsrapport som vart publisert våren 2000. Rapportens hovudkonklusjon var at dersom rådet skulle fungera betre, så måtte spesielt rådmennene forplikta seg meir. Hardangerrådets arbeid hadde dei seinare åra ikkje vore godt nok forankra hjå dei. Men det var og retta til dels hard kritikk mot rådets administrasjon. Evalueringsrapporten slo fast: «Administrasjonen totalt sett fungerer ikkje tilfredsstillande.»

Rapporten peika på at regionen hadde fleire felles utfordringar og utviklingstrekk. Den slo fast at «... me er samde om å halda

saman som region og ynskjer det beste for alle deltakarane i samarbeidet.»

Etter at Sverre Hagen sa opp stillinga som leiar for rådet kom det ein mellombels løysing ved at Arne Viste vart konstituert som dagleg leiar. Denne stillinga hadde han i akkurat eit år, fram til dagens leiar av Hardangerrådet, Leiv Vambheim, vart tilsett 1. september 2001.

– Vambheim hadde ein styrke i at han kjende godt til Hardangerrådet og utfordringane i regionen. Me vart svært glade då vi såg at han hadde søkt jobben og seinare takka ja til stillinga. Med han starta oppryddinga, som i ettertid har vist seg å ha skapt gode resultat, seier Toralv Mikkelsen.

Administrasjonen vart slanka frå 2002 Etter at Hardangerrådet fekk ny leiding hausten 2001, vart mange ulike tiltak sett i verk. I 2002 hadde dei fleste i administrasjonen søkt seg vekk til andre stillingar. Attende var Vambheim og sekretæren Sølvi Lervik Lambrechts. Reduksjonen av administrasjonen gjekk stort sett greitt utan dei store konfliktane.

– Eg ville vere utviklingsleiar, ikkje personalleiar. Eg valde raskt å ha ein liten og effektiv organisasjon. Det gav og rom for at vi kunne rekruttera leiarar til dei ulike prosjekta som vi satsa på, seier Leiv Vambheim. Denne politikken skulle visa seg å gje resultat.



Ryddda opp i økonomien

– Det er etter mi meining ikkje tvil om at Hardangerrådet etter kvart har vorte eit tydelegare og sterkare organ, spesielt etter at vi fekk orden på økonomien tidleg på 2000-talet, seier Magnar Lussand. Han var SP-ordførar i Granvin i perioden 1980 til 1992, og fylkesordførar frå 1992 til 1999. Han legg til at ein vart samde om ein ny finansieringsmodell av rådet, etter at Voss melde seg ut. Då kom den sokalla «Hardangermodellen». Frå 2001 har dermed alle kommunane betalt eit beløp basert på denne fordelinga: Dei to største kommunane Odda og Kvam står for 26 prosent, Ullensvang 14 prosent, Eidfjord 10 prosent og kommunane Granvin, Jondal og Ulvik betaler inn 8 prosent kvar av totalbeløpet som må til. Grunnlaget for denne modellen er kommuneøkonomi og folketal. I 2014 betalte kommunane samla inn 2,1 millionar kroner.

Gjekk ut mot BT og Haugesunds Avis

Våren 2002 gjekk Hardangerrådet hardt ut mot Bergens Tidende og Haugesunds Avis, som dei meinte begge i lang tid hadde aktivt motarbeidd samarbeidet i regionen. Dei peika på oppslag der dei meinte at avisene hadde vore sterkt kritiske til rådets meiningar innan samferdslespørsmål. Dei hevda at avisene hadde kome med feilaktige opplysningar, til dømes om påskestengd Hardangerviddaveg. Det var direkte feil, noko BT seinare beklaga.

Det var uansett sterk kost i møtereferatet frå Hardangerrådet: Slik stod det:

«No er begeret fullt. Denne splitt- og hersk-taktikken ser ut å ha som mål å kløyva Hardanger i minst to fløyar. Alle avisutspel mot regionen sine fellessaker verkar lammande for ein region som elles slit i mange motbakkar. Hardangerrådet kan ikkje akseptera at desse to avisene gjer det dei kan for å øydeleggja samarbeidet i regionen.»

På direkte spørsmål frå Haugesunds Avis om kva saker ordførar i Eidfjord Anved Johan

Tveit hadde sikta til, svarte han at: – *BTs sak om påskestenging av Hardangervidda var «rimeleg horribel», og var den som utløste reaksjonen.* Men heller ikke Haugesunds Avis sitt oppslag om nattferjen Bruravik – Brimnes («Storferje med null passasjerer») likte han. I tillegg kommer det han kallar ei rekke mindre drypp, ifølgje Haugesunds Avis.

Ein annan årsak til harmen mot BT, var at avisa på leiarplass hadde gått mot Hardangerbru. Dette likte Hardangerrådet lite. BT meinte at det budde for få folk inst i Hardanger, til at brua kunne økonomisk forsvarast.

– *Eg hugsar at eg stilte for BT i eit panel i ein samferdsledebatt i Eidfjord. Eg var den einaste som var imot Hardangerbrua. Eg fekk mykje pes og kjef. Det var høg temperatur, men dei ville ikkje høyre på meg, minnes Olav Kobbeltvedt, tidlegare politisk redaktør i BT.*

Det han likevel minnest best er tidlegare Kvinnherad-ordførar Aksel Kloster sitt svar då han i ein debatt vart spurd om kor mange som eigentleg budde inst i Hardanger:

– *Det skal ha vore sett folk der, svarte Kloster. Seier Olav Kobbeltvedt og skrattar godt.*

Ei, felles røyst for regionen

På 2000-talet vart det fokusert meir på tiltak for næringsutvikling. Det vart skipa etablerer-skule. Ein søkte på mange prosjekttilskot til diverse prosjektaktiviteter. Ei anna hovudsatsing var samferdsletiltak. Hardangerrådet leia arbeidet med å avklare konflikt intern i Hardanger og finna fram til felles semje om prioriteringslister før samferdslesakene kom opp i høgare fora. Slik har Hardanger dei siste ti-femten åra tala med ei røyst. Rådet hadde mellom anna store utfordringar da striden stod om både Folgefonntunnel og Hardangerbru, men



makta å etablera ei felles plattform. I lokaliseringssaker har Hardangerrådet arbeid langsiktig og målretta. Arbeidet har ofte vore samarbeidsutspel internt i regionen og direkte lobbyverksemd opp mot statlege vedtak til dømes av lokalisering av statlege verksemdar ut frå Oslo og det sentrale Austlandsområdet. Eit døme på eit samarbeidsprosjekt kan vera etableringa av selskapet Hardanger Breiband i 2004, då mange lokale breibandaktørar etter initiativ frå Hardangerrådet gjekk saman i ei verksemd.

Eit anna døme på gode resultat av slikt arbeid er etablering av ei avdeling av Kartverket, i samarbeid med Ullensvang herad.

Solskinshistorier

Lokaliseringa av Kartverket til Hardanger i 2006 er ei solskinshistorie. Kontoret i Kinsarvik er eit av totalt 14 i Noreg. Av Kartverkets samla 850 tilsette arbeider no 60 til 65 personar i Kinsarvik, fordelt på omlag 55 årsverk. Aldersnittet på dei tilsette er svært lågt, på 38 år. To tredjedelar av dei tilsette er kvinner, og mange av dei har flytta



til Ullensvang. Beregningar syner at 15 tilsette har busett seg i heradet. Reknar ein med familiane deira så har altså Kartverkets lokalisering til Hardanger ført til ein enda større folketalsauke.

– Dette er svært gledeleg og syner at lokalisering av statlege arbeidsplassar i distrikta fungerer godt, seier dagleg leiar Leiv Vambheim.

Ting ein ikkje klarte

Det er og døme på tiltak der ein ikkje makta å nå sine mål. Det store prosjektet «digitale-hardanger.no» som vart starta opp på slutten av 1990-talet hadde som mål å få til betre tenestesamarbeid mellom kommunane i Hardanger innan barnevern, sosialteneste, brannvern og IKT-løysingar. Dette makta ein ikkje. Kvifor det vart eit mageplask er uvisst. Ein hadde vore på studietur til Danmark. Måla var høge. Alle skulle til dømes ha eit felles datasystem. Men så sa einskilte kommunar nei. Resultatet var at berre Odda, Eidfjord og Ulvik har felles server idag. Andre døme på prosjekt der ein tok på seg eit koordinerande ansvar var Fjordvegen/Diktarvegen-prosjektet, som

heller ikkje nådde sine mål. Det ein derimot er flink til å trekkje fram, er dei mange prosjekta ein har lukkast med:

Hardangerkonferansane

Hardangerkonferansen i regi av Hardangerrådet utvikla seg på 2000-talet til ein viktig møteplass der politikarar og næringslivets folk har kome saman for å drøfte viktige tema for ein positiv utvikling for Hardanger.

– Slike møteplassar er viktige. De set ekstra fokus på viktige tema som til dømes samferdsle, etablering av verksemder og å stogge folketalsnedgangen. Her har prosjektet «Flytt til Hardanger» og gjeve gode resultat, seier Vambheim.

Når Hardangerkonferansen 2014 vert arrangert, i Ulvik, er det tiande gongen at arrangementet vert heldt. Dei siste åra har deltakinga vore rekordstor, på godt over 100 personar.

Hardanger Kulturråd

Midt på 2000-talet skipa Hardangerrådet også Hardanger Kulturråd. Det er eit

samarbeids- og rådgjevande organ. Rådet har arbeidd med kultursaker og har tildelt regionale kulturmidlar. Kulturtiltaka skal fremja samhald, samhandling, næringsutvikling og styrkje Hardangerkjensla. Rådet har og vore eit rådgjevande organ i kultursaker i høve Hardangerrådet. Regionale kulturmidlar vert lyst ut ein gong i året i lokalpressa og på heimesidene til Hardangerkommunane. Hardanger kulturråd sine medlemmer er kulturleiarane i dei sju kommunane. Leiaroppgåva går på omgang mellom kulturleiarane.

Hardanger Utvikling

I tillegg til kulturrådet har Hardangerrådet og oppretta mange prosjekt som Merkevere Hardanger, Hardanger Berlin, Hardanger Ungdomsråd, Team Hardanger, Scenarioprojektet Hardanger 2030, Hardanger 2014 og Flytt til Hardanger. Merkevere Hardanger utvikla ny logo med Hardangerstjerna som regionalt symbol i 2005.

Regionalt Næringsfond Hardanger er midlar Hordaland Fylkeskommune tildeler regionen med eit eige styre, administrert av Hardangerrådet.



Flytt til Hardanger

Etter initiativ frå Hardangerrådet og aktiv medverknad og stønad frå Hordaland fylkeskommune, vart Prosjektet Flytt til Hardanger starta opp i 2007 for dei sju Hardanger-kommunane. Visjonen til Flytt til Hardanger er at Hardanger skal vere ein utviklande region med fokus på tilflytting, trivnad og regionalt samarbeid.. Hardanger skal ha attraktive bukommunar. Prosjektleiaren har vore Anette T. Hjeltnes.

«Flytt til Hardanger er eit glitrande døme på regionalt engasjement i bustadpolitikken. Vi må ha ein heilheitleg og langsiktig bustadpolitikk der kommunane og lokale tiltak må spele ei viktig rolle. Her er Hardangerrådet og prosjektet Flytt til Hardanger eit glitrande døme på eit slik godt engasjement.»

Dette sa politisk rådgjevar Laila Melkevoll i kommunal og regionaldepartementet då ho opna Bustadkonferansen i 2012, i regi av prosjektet Flytt til Hardanger.

Prosjektet vert avslutta i mars 2015.

– Det viktigaste resultatet dette prosjektet har gjeve oss, er at folketalsnedgangen vart stogga frå 2009 og 2010. Dersom ein ser på heile perioden sidan Hardangerrådet vart etablert, så har det vore folketalsnedgang. Målet var ambisiøst: Folketalsnedgangen skulle stansast i 2009, og så skjedde. Det positive i arbeidet vårt er at nedgangen har stogga opp og folketalet auka jamt dei siste to, tre åra. No voner eg at vi har snudd trenden, til ein oppgang, seier Leiv Vambheim.

Summen av dei mange prosjekta monnar

Det er tydeleg at summen av de mange prosjekta som Hardangerrådet har skipa det siste tiåret har bidrege til ein sterk auke i både aktivitetsnivå og pengar. Dersom ein studerer budsjettet for rådet i jubileumsåret, ser ein at omsetnaden er på 9,3 millionar kroner. Av dette kjem berre 2,1 millionar frå kommunane. Resten av pengane kjem frå til-

skot frå fylket og frå staten, både som driftstilskot, men ikkje minst som tilskot basert på konkrete prosjektmidlar ein har søkt om. Nokre døme: Prosjektet Flytt til Hardanger fekk 0.7 millionar, Hardanger 2014 fekk 1,3 millionar, Regionalt Næringsfond fekk 1,2 millionar.

Mange suksesshistorier, men folketalet har falle

Då Hardangerrådet vart etablert for 25 år sidan var det 25.665 innbuarar i regionen. I jubileumsåret 2014 var dette 23.009 personar, i høve folketalsstatusen 1. juli.

Målt etter denne utviklinga har ikkje Hardanger makta å stogge folketalsnedgangen, sjølv om Hardangerrådet understrekar at det faktisk har vore vekst i folketalet dei siste åra. Dette har variert. Til dømes gjekk folketalet opp med ein person – 1 – i regionen, frå 23.008 personar ved inngangen til 2014, til 23.009 halvveges i året.



Hardangerrådet si satsing på å stø nye verksemder i regionen har og gjeve resultat. Dei siste åra har ein mellom anna gitt stønad frå Næringsfondet på nær 25 millionar kroner til nye verksemder. Hardangerrådet har vore i førarsetet når det gjeld felles profilering av regionen. Det har vore ein identitetsbyggjar, gjennom tiltak som Merkevarer Hardanger, Hardanger Slow Food og merkevarer satsing på produkt frå Hardanger med eigen Hardangerlogo. Ein har og arbeidd aktivt med integrering av samhandlingsreforma for helsetenester frå den gradvis vart innført i 2012. Den reforma har som målsetting at bebuarane i Noreg skal få eit betre og meir heilskapleg helsetilbod.

I tillegg har Hardangerrådet makta å samle troppane i store samferdslesaker som bygging av Hardangerbrua, Folgefonntunnel og Jondalstunnelen.

«Monstermastene» gav 100 avbøtande millionar

I 2009, 2010 og 2011 raste det lenge ein strid, ikkje berre i Hardanger, men og i heile landet der det var fokus på korleis Olje og Energidepartementet skulle byggja

kraftlina frå Sima til Samnanger. Ord som «monstermaster» vart nytta av motstandarane mot luftline. Hardangerrådet hadde arbeid mykje med denne saka, heilt frå 2005, då den først kom opp. Rådet nytta mykje tid på å kome fram til felles ståstad, felles haldningar og felles uttaler. Ordførarane i alle Hardanger-kommunane la vekt på å høyre på dei kommunane som vart råka av ei luftline. Difor støtta ein sjøkabelalternativet, som til slutt ikkje vart fram. Hardangerrådet hadde mange møter med olje-og energiministeren, Statnett og media. Saka enda til slutt med at det vart vedteke luftline, og Staten lova at Statnett skulle gje Hardanger 100 millionar kroner i sokalla avbøtande midlar. Hardangerrådet innstilte på at 20 prosent av midlane vart disponert av dei sjølv i rådet, gjennom vedtak av ordførarane i Hardanger og at resten vart overført til kraftline-kommunane. Sidan det ikkje var presisert kva avbøtande tiltak eigentleg var, så gav dette Hardanger stort rom for skjønn, i kva pengane kunne nyttast til. Dermed vart dei

nytta til både kultur, verksemdsetableringar gjennom næringsfond, natur og miljø.

-Eg meiner heilt klart at Hardangerrådet spelte ei avgjerande og positiv rolle då Staten til slutt i 2011 løyva midlane til dei avbøtande tiltaka, seier Odda-ordføraren og noverande rådsleiar for Hardangerrådet, John Opdal.

Midlane sette og Hardanger i betre stand til å investere meir i viktige utviklingsprosjekt som Næringsfond, Flytt til Hardanger, Reselivstiltak, Film- og TV-tilrettelegging, Informasjonstavler, Breiband, Ungdoms-tiltak, og slik styrkja merkevarer bygging av regionen gjennom næring, reiseliv og kultur.





Positiv trend dei tre siste åra

Også Hardanger vart hardt råka av finanskrisen som kom med verknad frå 2008 og 2009. Men etter at verste sjokket la seg, har utviklinga gradvis vorte betre. Det er mange døme på at Hardanger no er inne i ein positiv trend. Mange verksemdar har opplyst at dei har behov for nye arbeidstakarar. Det er og eit paradoks at kommunar som Ullensvang, Jondal, Granvin, Ulvik og Eidfjord har så stor ubalanse i bustadmarknaden. I dei aller fleste Hardangerkommunane finst det ledige arbeidsplassar. Dei har lange lister på folk som ønskjer å busetja seg, men dei finn altså ikkje eit godt nok bustad-tilbod.

Då Hardangerkonferansen vart arrangert i 2012 sa Fylkesordfører Tom-Christer Nilsen mellom anna at «Hardanger har utvikla seg svært positivt, noko som er gledeleg. Denne regionen har gått frå å vere ein region med mest dårlege nyhende, til no med ein straum av gode nyhende.»

Nilsen understreka at Fylkeskommunen vil halde fram med satsinga på optimistiske Hardanger. Han trakk i denne samanheng frem satsinga i landbruket med prosjektet «Smarte fruktbonder» og utnytting av ledige mjølkekvotar.

– Denne satsinga vil vi gjere både innan den tradisjonelle næringane, men og innan dei nye næringane som til dømes subsea og havbruk, sa fylkesordføraren, til spontan applaus frå salen.

Dermed er det ikkje berre Hardangerrådet som meiner at det no går betre.

For det er ikkje tvil om at det har vore positive utviklingstrekk i Hardanger dei siste åra.

La ikkje oppgangen verte ei sovepute

Leiv Vambheim meiner at den positive utviklinga ikkje må verte noko sovepute for Hardanger. For nett no peikar mange pilar opp: Regionen har overskot på jobbar og har behov for ny arbeidskraft.

– Hardanger er ikkje eit naturreservat, men ein region i sterk positiv utvikling. Sentrale



føresetnader for at den positive utviklinga kan halde fram er at ein framleis har gode vidaregåande skular i regionen, og at ein tar endå betre imot regionen sine nye innbyggjarar, samt å vera del i utviklinga av dei internasjonale distriktkommunane, seier Vambheim.

«Demokratisk underskot»

Kommunelova opnar for å overføre ansvar for lovpålagde offentlege oppgåver frå den einskilde kommune, til eit interkommunalt samarbeid. Dette kan det vere trong for dersom kommunane er for små eller at grensene er for tronge. Ein liten kommune kan ha utfordringar med å ha god og stor nok kompetanse innan ein sektor. Eit døme kan vere barnevernet: Ved å gå saman i ein region kan det samlast spisskompetanse til å ta seg av oppgåver. Men når kommunen gjev frå seg styringa av oppgåvene er det og eit signal på eit sokalla «demokratisk underskot». Det vil seia at ein åleine ikkje makter å løyse pålagde oppgåver under direkte folkevald styring.

Dermed skulle ein tru at ein kommune i utgangspunktet ikkje vil gje frå seg styring og kontroll, sidan kommunen då vert meir avhengig av andre.

Forsking syner og at organisasjonar over tid freistar å gjere seg mest mogeleg uavhengig. Dermed kan alternativet for en liten kommune ofte vere at ein inngår eit interkommunalt samarbeid. Det andre alternativet er kommunesamanslåing.

Starten på kommunesamanslåingar i Hardanger

Det kan difor hevdast at eit interkommunalt samarbeid, IKS, er det beste av to onde. Ein er for liten åleine, men ein vil ikkje gå inn i ein høgare skiping, som ein samling av kommunar i Hardanger ville ha vore. Løysinga i Hardanger for 25 år sidan vart skipinga av Hardangerrådet.

Spørsmålet som står att, er om etableringa av Hardangerrådet i realiteten var starten på ei samling av kommunane til ein ny relativt stor kommune, under namnet: Hardanger.

Eller kanskje meir realistisk, som to–tre nye kommunar. Då dette jubileumsmagasinet gjekk til prenteverket var det iverksett fleire utgreingar.

Dei tre kommunane inst i fjorden, Eidfjord, Ulvik og Granvin har vedteke ei utgreiing om dei skal slå seg saman. Ullensvang vil delta i dette alternativet. I tillegg vil dei og sondera med Odda og Jondal. Eit anna planlagt utgreiingsalternativ er Kvam, Jondal, Odda og Ullensvang. Dersom dei fire kommunane Eidfjord, Ulvik, Granvin og Ullensvang går saman, vil dei tilsaman få 6360 innbyggjarar. Dette er eit av dei alternativa som Hardangerrådet no arbeider med. I skrivande stund er det ikkje avklart frå Kvam kva meir dei vil utgreia.

Uansett har Hardangerrådet sagt at dei vil spele ei aktiv koordinerande rolle i arbeidet med mogelege kommunesamanslåingar i regionen.

Fiskeri- og næringsminister Monica Mæland:

– Må styrke næringslivet

Fiskeri- og næringsminister Monica Mæland er ikke i tvil om hva som bør være Hardangerrådets viktigste oppgave. Det er å styrke næringslivets kår i regionen.

– Hardangerrådet forvalter et viktig mandat og jobben med å styrke regionen er krevende. Det er udelte positivt at kommunene i Hardanger gikk sammen og dannet Hardangerrådet for 25 år siden, og oppgavene er like store nå som da. Både som hordalending og næringsminister er mitt råd til Hardangerrådet å jobbe for å styrke næringslivet i regionen, sier Monica Mæland.

Trenger flere bedrifter

– Dessverre har folketallet i Hardanger sunket jevnt gjennom mange tiår, noe som ikke minst skyldes at sysselsettingen innen industrien og landbruket er redusert. Som alle andre kan også jeg konstatere at Hardanger trenger flere bedrifter og flere arbeidsplasser, men det er mye mer enn ett enkelt grep som må til. Næringslivet i Hardanger vil, som i resten av landet, nyte godt av at regjeringen har tatt grep som gjør det både lettere og mer lønnsomt å drive bedrift, sier Mæland.

Hun peker på at regjeringen har redusert skatter og avgifter og gjennomført et betydelig forenklingsarbeid, som hun mener særlig kommer små og mellomstore bedrifter til gode. Regjeringen har også et omfattende hjelpeapparat for å bidra til å få nye, innovative bedrifter gjennom den krevende oppstartsfasen og opp å gå, blant annet gjennom Innovasjon Norge.

Bedre infrastruktur

– Bedre infrastruktur er også en viktig del av løsningen. Det har skjedd mye i Hardanger de siste årene, blant annet med åpningene av Folgefonntunnelen, Jondalstunnelen og Hardangerbrua. Dette betyr at det er lettere å bevege seg innad i Hardanger og til og fra Hardanger, sier næringsministeren.



FOTO: Hans Jørgen Brun

Vakre Hardanger: – Hardanger er noe av det aller vakreste Norge har å by på. Norsk reiselivsnæring fikk sin spede begynnelse nettopp i fjordene på Vestlandet, og den samme næringen har fortsatt et uutnyttet potensial. Reiselivsnæringen kan og bør bli viktigere for Norge. Dette er ikke minst en næring som i fremtiden kan bli enda viktigere for Hardanger, sier Monica Mæland.



Hardanger Breiband AS

Stamnett i Hardanger og Kvinnherad

E-post: post@hardangerbreiband.no
Tlf: 53 66 53 00



Biletkunst • Musikk
Kunsthåndverk • Litteratur • Drama

Harding Puls
er kunstnarorganisasjonen
i Hardanger som står bak
ulike kunstprosjekt.

www.hardingpuls.no • www.galleripuls.no • www.kunstlandskap.no

Midt i frukthagen på Lofthus ynskjer me dykk velkomne til hyggeleg opphald hjå familien Helleland! Kun 10 minuttar fra Mikkelparken.

Lofthus Camping ligg midt i dei frodigaste frukthagane i hjarta av Hardanger med vidkjent utsyn over fjord, fjell og fonn. Hjå oss kan ein verkeleg nyta ferien i rolege og naturskjønne omgivelser.

Lofthus Camping tilbyr 27 hytter av ulike typar og har plass til om lag 80 oppstillingar for vogn/bil og telt.



Lofthus Camping • Helleland, 5781 Lofthus

Tlf.: 53 66 13 64 • Faks: 53 66 15 00

E-post: post@lofthuscamping.com

www.lofthuscamping.com



MUSEA GRATULERER HARDANGERRÅDET MED JUBILEET - 25 ÅR MED SAMFUNNSUTVIKLING



Hardanger og Voss museum - gjev unike glimt av historie, kunst og kultur. Nok 130,- for alle HVM musea Ope mai-sept. alle dagar kl 10-17 Ope for grupper heile året.

www.hardangerogvossmuseum.no



Olav H. Hauge senteret - ei reise inn i poesiverda. Ny utstilling og museums-butikk opnar 4. september.

Man - fre kl. 9 - 15, søn kl. 11 - 15

Tel 56 52 70 70

www.haugesenteret.no



Norsk Vasskraft og Industristadmuseum

Medio mai til medio sept. kvar dag 10 -17

Medio sept. til medio mai kvar dag 10 -15

Meir info: facebook.com/vasskraftmuseet

post@nvim.no

Tel 53 65 00 50

www.nvim.no

www.vasskrafta.no



Olav H. Hauge-senteret



NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM I TYSSedal/ODDA



Opningstider:
Medio mai til medio sept.
kvar dag 10 - 17
Medio sept. til medio mai
tyssdag - fredag 10 - 15

Vitensenteret
har ope i skuleferien
tyssdag - laurdag 10-16

Meir informasjon på
www.nvim.no eller på
[www.facebook.com/vasskraftmuseet](https://facebook.com/vasskraftmuseet)
post@nvim.no
Tel. 53 65 00 50

Sjå og www.vasskrafta.no



Lothe Camping og Badeplass

Campingplassen er omkransa av frukthagar, er solrik og ligg vakkert til ved Hardangerfjorden like ved FV 550, 5 km frå Utne fergekai.

Telt, bubilar, campingvogner, fint servicehus.

Hytter, leiligheiter, kiosk og fin badeplass. Merka stiar til fjells.



Lothe, 5778 Utne • Tlf. 53 66 66 50 • www.lothecamping.no



Sammen
skal vi bygge!



Byggeriet - din lokale byggevareleverandør

BYGGERIET EIDFJORD BYGGEVARER AS

Kyrkjevegen 18, 5783 EIDFJORD - Tlf: 53 66 58 00




HARDANGER ENERGI AS

www.hardangerenergi.no

Produksjon • Nett • Salg av straum

Visste du at Hardanger Energi AS :

- Har 40 arbeidsplassar, montører, ingeniører, kontor/adm
- Produserar 60 millionar kwh årleg i 6 egne vass-kraftverk
- Har ansvar for straumforsyning i Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik
- Har personell på vakt 24 timar i døgnet, året rundt
- Tilbyr dei fleste kraftavtalane du finn i dagens kraftmarknad
- Legg att utbytte til kommunane Eidfjord, Jondal, Ullensvang og Ulvik
- Støttar lokale aktivitetar, noko som bidreg til auka tilbod lokalt



Velkommen til familievenlege Kinsarvik Camping ved Hardangerfjorden.

Båtutleige med 25 HK • 500 meter til Mikkelparken

www.kinsarvikcamping.no

Tlf (+47) 53 66 32 90



NORCONSULT Hardanger

Norconsult Hardanger er ein seksjon i Norconsult AS, Norges største tverrfaglege rådgjevar retta mot prosjektering og samfunnsplanlegging. Norconsult Hardanger leverer bygg- og anleggsrelaterte ingeniørtjenester samt arkitekt- og plantenester. Me er for tida 17 tilsette og har kontor i Eidfjord og Odda. Norconsult Hardanger er engasjerte i mange store prosjekt i regionen, men me yter òg tenester til mindre verksemdar og privatpersonar. Ta kontakt med oss for ein uforpliktande samtale og be oss gjerne om pristilbod på arbeid du vil ha utført. Me ynskjer å vera din lokale leverandør av arkitekt-, plan- og ingeniørtjenester.

Norconsult AS
Eitheim, 5750 Odda/ PB 85, 5786 Eidfjord
tlf: 53 64 70 88/ 95 75 88 06
www.norconsult.no

Norconsult



Statkraft er størst i Europa innan fornybar energi.

Konsernet produserer og utviklar vasskraft, vindkraft, gasskraft og fjernvarme og er ein viktig aktør på dei europeiske energibørsane.

Gjennom eigarskap i andre selskap vert det levert straum og varme til om lag 600 000 kundar i Noreg.

Konsernet hadde i 2014 ein brutto omsetnad på 49,6 milliardar kroner.

Statkraft har 3 600 medarbeidarar i meir enn 20 land.

Statkraft Kraftverksgruppe Hardanger har drifts- og vedlikehaldsansvar av alle Statkraft sine anlegg i Hardanger.

Totalt har Statkraft i Hardanger: Installert 1970 MW og produserer i eit gjennomsnitt år ca 6600 GWh

Med dagens kraftpris representerer dette ei verdiskaping

tilsvarende 2 Mrd/NOK/år

Kraftverksgruppe Hardanger har 50 tilsette og 5 lærlingar.

Statkraft kjøper varer og tenester i regionen for store summer kvart år, og er ein aktiv støttespelar i høve til idretts- og kulturlivet i Hardanger.

Vertskommunane til Statkraft har òg store inntekter kvart

år frå skattar og avgifter i samband med kraftproduksjonen.



NLI Odda as



Unik kompetanse - unike løysningar

NLI Odda as er en av landets ledende bedrifter innen teknologisk avansert maskinering og sveis. Bedriften har over 100 ansatte som er sysselsatt med avansert produksjonsarbeid, hovedsakelig for subsea oljeindustri, flyindustri og gassturbin. Bedriftens høyteknologiske utrustning samt medarbeidernes lange erfaring og kompetanse, gjør NLI Odda til et norsk kraftsenter innen avansert metallbearbeiding.

Spennende, høyteknologisk arbeidsplass på Eitheim i Odda.

www.nli.no



Hardangerrådet



Hardanger



JS / NORGE: Concept: JS Media Tools A/S - 100622 - www.jsnorge.no FOTO FOR- OG BAKSIDE: Bjørn Senderud

Postadresse: Postboks 78, 5782 Kinsarvik – Besøksadresse: Kjobergbygget, Kinsarvik – Telefon: 53 67 14 50 – post@hardangerraadet.no



www.hardangerraadet.no